



LOM KOMMUNE

MØTEBOK - PROTOKOLL

Utval/styre råd:	Møtedato:	Innkalling av:	Møtestad:
Kontrollutvalet	11. oktober 2018	27. september 2018	Midtgard

Til stades på møtet:

Av i alt 5 medlemmer var 4 til stades.

Administrasjonssjef Ola Helstad


Sekretær Morten Sørhage førte møteboka

Møtet vara fra kl. 1300 – kl. 15.00

Underskrifter:

Vi stadfestar med underskrifta vår at det som er ført på sak 18 - 21/2018 er i samsvar med det som vart vedteke i møtet.


Magny Hilde


Harald Onsum Berg

Bård Hanem


Synnøve Aukrust


Jan Erik Husom

Utskrifter:

Protokoll frå utvalsmøtet sendt til:

- Medlemmane av kontrollutvalet.
- Varamedlemmane av kontrollutvalet.
- Ordføraren og administrasjonssjefen.
- Innlandet Revisjon IKS

Innkalling, sakliste og protokoll frå siste møte vart godkjent utan kommentarar.



MØTEBOK

Utval/styre/råd:	Møtedato:	Saksnr:
Kontrollutvalet	11. oktober 2018	18/2018
	Saksbehandlar:	Morten Sørhage

ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Etter årsplanen vil kontrollutvalet ha ei orientering frå rådmannen om aktuelle saker. Konkret er det aktuelt med ei kort oversikt over

- Brukarundersøkingar
- Medarbeidarundersøkingar
- Kommunens internkontroll
-

Utvalet ynskjer informasjon om evt. spesielle tilhøve, evt. funn eller avvik etter standard og forutsetningar.

Handsaming:

Ola Helstad orienterte etter punkta i innkallinga. Han gjorde greie for utviklinga i metodikk i brukarundersøkingar, der ein går meir i direkte dialog med brukarane.

Medarbeidarundersøkingar blir utvikla metodisk på same måte som brukarundersøkingar.

Avviksrapportering i internkontrollen blir oppfylgt kontinuerleg.



MØTEBOK

Utval/styre/råd:	Møtedato:	Saksnr:
Kontrollutvalet	11. oktober 2018	19/2018
	Saksbehandlar:	Morten Sørhage

INNLANDET REVISJON IKS – RAPPORT 2. TERTIAL 2018

Vedlegg:

Tertialrapport 2/2018

Innlandet Revisjon IKS rapporterer etter oppdragsavtalen pr. tertial. Vedlagt oppstilling viser ressursbruken pr. 31/8 – 18, samt prognose for året 2018.

Som oppstillinga viser, blir Lom, som ei kommune i Nord-Gudbrandsdal, tilleggsfakturert for å opparbeide tilstrekkelege midlar til pensjonsfond.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek tertialrapport 2/2018 til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet gjekk gjennom rapporten.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek tertialrapport 2/2018 til orientering.



MØTEBOK

Utval/styre/råd:	Møtedato:	Saksnr:
Kontrollutvalet	11. oktober 2018	20/2018
	Saksbehandlar:	Morten Sørhage

Vedlegg:

Utkast til oppdragsavtale mellom kontrollutvalet i Lom og Innlandet Revisjon IKS

OPPDRAVSAVTALE MED INNLANDET REVISJON IKS

Hovudansvaret for revisjonsordninga ligg til kommunestyret. Kontrollutvalet har tilsyn med utføringa av revisjonen og fylger opp tenestene. I samband med dette ligg føre oppdragsavtale som formaliserer tenesteytinga. Avtalen fornyast årleg. I hovudtrekk omfattast:

- Økonomi – betaling for tenestene
- Dialog og rapportering kontrollutval – revisjon

Oppdragsansvarleg revisor stiller på møtet for å orientere nærmere om dei forskjellige tenestene.

Revisor har lagt til grunn tidlegare budsjett med eit påslag på 3 %, totalt kr. 616 850. Når ein ser på fordelinga av tenester, vil da rekneskapsrevisjon vera basis i avtalen. Forvaltningsrevisjon er på bakgrunn av dette kalkulert til eit arbeidsomfang på 87 timer. Revisor gjer greie for at eit forvaltningsrevisjonsprosjekt normalt krev om lag 250 timer. Differansen utgjer 163 timer x kr. 1050 = kr. 171 150.

Forslag til oppdragsavtale med tillegg for fullstendig forvaltningsrevisjon vil utgjera kr. 788 000.

Vurdering:

Det er i røynda store, auka kostnader. Desse må ein setja opp mot krav i lovverket. Dei siste åra har det ikkje vore kapasitet til å fylle kravet til forvaltningsrevisjonar. Dette har kontrollutvalet prøvd å kompensere med orienteringar direkte frå tenesteytarane.

Lom kommune har vedteke plan for forvaltningsrevisjon. I planen er forutsett eit årleg prosjekt, som også er kravet i kommunelova med forskrifter. Utferda. For å fylle lovkravet i dag, krevst altså ei større budsjettramme.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner oppdragsavtalen med Innlandet Revisjon IKS med ei ramme på kr. 788 000.

Handsaming:

Kontrollutvalet drøfta saka.

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner oppdragsavtalen med Innlandet Revisjon IKS med ei ramme på kr. 788 000.



LOM KOMMUNE - KONTROLLUTVALET

MØTEBOK

Utvål/styre/råd:	Møtedato:	Saksnr:
Kontrollutvalet	11. oktober 2018	21/2018
	Saksbehandlar: Morten Sørhage	

BUDSJETT 2019 – KONTROLL OG TILSYN, LOM KOMMUNE

Vedlegg:

*Oppdragsavtale frå Innlandet Revisjon IKS
Budsjettvedtak i styret for SKNG*

Saksframstilling:

I samsvar med Forskrift om kontrollutval § 18 skal kontrollutvalet utarbeide framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kommunestyret skal vedta eit samla budsjett medrekna utgifter til kontrollutvalet, sekretærbistand og revisjon. Utvalets framlegg til budsjett skal uendra følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret, slik at dette framlegget er kjent for kommunestyret når totalbudsjettet skal behandlast. Formannskapet kan likevel føreslå eit lågare beløp i sitt samla budsjett.

Det er berre kommunestyret som kan gjere endringar i kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett. Grunnen til at budsjettet for kontrollutvalet er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere. Det er difor uheldig om administrasjonen eller eit anna organ som kontrollutvalet skal kontrollere og føre tilsyn med får innverknad på budsjettramma til tilsynsorganet.

Budsjettforslaget er delt inn i 3 hovudpunkt. Utgifter til revisjon, utgifter til sekretariat og kontrollutvalsmedlemmanes eigne utgifter (godtgjersle, kurs, reiseutgifter, andre møteutgifter m.m.).

Revisjonens budsjettforslag:

Innlandet Revisjon IKS har utforma oppdragsavtale for revisjonsarbeidet 2019. Denne er handsama i eigen sak nr. 20/2018, og må vurderast i samanheng med totalt budsjettforslag. For å få tilstrekkelege midlar til forvaltningsrevisjon, er omfanget auka i høve tidlegare år.

Sekretariatets budsjettforslag:

Kommunen er deltakar i det interkommunale samarbeidet Sekretariat for kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal (SKNG). Styret i SKNG har behandla og godkjent budsjettet den 28. august 2018.

Kontrollutvalets arbeid:

Det er ein fordel at medlemmane og varamedlemmane i kontrollutvalet får nødvendig opplæring. I budsjettet er det teke høgde for at dei deltek på relevante konferansar. Organisasjonane NKRF (Norges kommunerevisor forbund) for og FKT (Forum for kontroll og tilsyn) arrangerar relevante konferansar i samanhengen. Det er teke høgde for at leiar og nestleiar deltek på ei av desse.

Det blir teke høgde for at møteaktiviteten vil ligge på 5 møter i året.

Forslag til budsjett for kontrollutvalsmedlemmane:

- Møtegodtgjersle	kr 20.000
- Tapt arbeidsforteneste	kr 5.000
- Arbeidsgjevaravgift	kr 1.000
- Reiseutgifter KU-medlemmar	kr 2.500
- Kursutgifter KU-medlemmar	kr 15.000
- Møteutgifter (servering m.m.)	kr 2.500
- FKT kontingent	kr 3.500
- <u>Uventu utgifter</u>	<u>kr. 20.000</u>
- Sum	kr 69 500

Generelt for kontrollutvalets budsjett:

For å gje kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille naudsynte ressursar til disposisjon.

Kontrollutvalets budsjett skal dekkje alle oppgåver innafor kontrollutvalets arbeidsfelt. Dette gjeld mellom anna rekneskapsrevisjon, gjennomføring av forvaltningsrevisjon og gjennomføring av selskapskontroll. Det er også viktig at budsjettet også tek høgde for uventu utgifter. Det er kontrollutvalets ansvar å sørge for at alle arbeidsoppgåvene innanfor deira arbeidsfelt blir gjennomført, og at dette skjer innanfor vedtatt budsjetttramme for kontroll- og tilsynsarbeidet.

Kontrollutvalets budsjettforslag for 2019:

Utgifter til revisjon	kr 788 000
Utgifter til kontrollutvalssekretariat	kr 134.225
Utgifter til kontrollutvalets medlemmar	kr 69 500
Samla budsjett kontroll- og tilsynsarbeid 2018	Kr 991 725

Dette gjev ei budsjetttauke på 29 %.

Forslag til vedtak i kontrollutvalet/innstilling til kommunestyret:

Kontrollutvalet i Lom kommune tilrår eit samla budsjett for kontroll og tilsyn for 2019 på **kr. 991 725.**

Handsaming:

Kontrollutvalet gjekk gjennom sak i samanheng med oppdragsavtalen.

Innstilling til kommunestyret:

Kontrollutvalet i Lom kommune tilrår eit samla budsjett for kontroll og tilsyn for 2019 på **kr. 991 725.**



LOM KOMMUNE

MØTEBOK

Utval/styre/råd:	Møtedato:	Saksnr:
Kontrollutvalet	11. oktober 2018	22/2018
	Saksbehandlar:	

OPEN POST

Kontrollutvalet ynskjer oversikt over faktureringsrutiner revisjon. Sekretær ber dagleg leiar i Innlandet Revisjon IKS gjera greie for dette i seinare møte.

Sekretær informerte om oppstarta prosess med utgreiing av samanslåing Innlandet Revisjon IKS og Hedmark Revisjon IKS.

Kontrollutvalet drøfta forskjellige prosjekt, eigna til forvaltningsrevisjon.